



Dåpsbarnet Martin frå Omvikdalen saman med systera Maria, foreldra Katrine Hansen og Torstein Vik og sokneprest Reidar Ádnanes.

Sokneprest Reidar Ádnanes song keltisk velsigning til dåpsbarnet Martin Hansen Vik i Uskedal kyrkje i dag. Velsigninga er omsett til norsk av Hans Olav Mørk. Tonen er irsk folketone. Ádnanes gjer med dette som Lina Håland, syng velsigning og forbøn til barnet.

Gudstenesta i dag er 4. sundag i påsketida. Den kontrastfylte teksten er henta frå Johannes kap 13 der vi vert kjende med svikaren Judas i myrke natta for så å gå over til Guds herlegdom og lys i det nye bodet om å elska kvarandre slik Gud har elska oss.

Soknepresten i Husnes fortalde om bror sin som kom heim frå sjøen med eit smykke forma som kors, anker og eit hjarta. Smykket er symbolet på tru, von og kjærleik, der kjærleiken er størst av dei. Guds kjærleik er både eit fundament og eit føredøme for livet vårt.

Til inngang spela kantor Eva Megyesi Charol av Bach. Postludiet var Variasjon av den same komponisten. Offergåva gjekk til Kyrkjjas SOS. Konfirmantane var med som vertsskap.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal